



Notat

Dato: 04.03.2015
Arkivsak: 2015/2400-5
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Kollektivtilbodet i Sædalens - Svar på oversendingsforslag

På møte i samferdselsutvalet 21.01.2015 tok representanten Atle Kvåle (Ap) opp kollektivtilbodet i Sædalens.

«Kollektivtilbodet i Sædalens er eit tilbakevendende problem. Er rimelig trygg på at ei forbedring av tilbodet her vil føra til ein auke i sal av månedskort.

Er det mogeleg å leggja opp bussrutene frå Sædalens slik at ein er sikker på at ein korresponderande buss er på plass på Birkelundstoppen dersom ein ikkje kan iverksetja direkteavgang?»

Fylkesrådmannen viser til at kollektivtilbodet i Sædalens har vore vurdert og forbetra fleire gonger dei siste åra, mellom anna blei linje 80 forsterka med fleire direkteavgangar hausten 2013.

Dei fleste avgangane på linje 80 går heilt til sentrum i rushtida, dette parallelt med linje 2. Linje 80 har òg fleire direkteavgangar utanom rushtida.

Det er ikkje bindande korrespondanse mellom linje 2 og linje 80 på Birkelundstoppen, men det er lagt opp til rimeleg tid mellom bussen som kjem inn og avgang på neste linje for å sikre gode overgangar for passasjerane. Omstiging er ein nødvendig del av kollektivnettet. Ved å samle innsatsen mot høg frekvens på eit fatal linjer blir den potensielle ventetida ved byte kort. Linje 2 køyrer med så hyppig frekvens at enkle og effektive overgangar til linje 80 vidare til Sædalens skal vere mogleg utan fast korrespondanse.

Det er dessverre ein del utfordringar knytte til framkome på vegane, spesielt i rushtida. Busstrafikken blir påverka av det generelle trafikkbilete, og det fører til at reisetida vil variere noko. Vi tilrar difor at ein reknar god tid til bussbyte når ein skal reise i rushtida for å gjere bytet så føreseieleg som råd.

Skyss er kjend med at det er ønskje om fleire direkteavgangar og/eller bindande korrespondanse for linje 80 på Birkelundstoppen. Nattlandsfjellet velforeining og Bærekraftige liv Nattland og Sædalens er engasjert i kollektivtilbodet, og Skyss har ein god dialog med desse aktørane.

Det har dessverre ikkje vore råd å utvide eksisterande busstilbod ytterlegere innanfor dagens økonomiske rammar.

Trolleybuss

Det har vore vurdert om trolleybussen skal forlengast inn i Sædalen. Sak om framtida for trolleybussen i Bergen har vore oppe til politisk behandling i Fylkesutvalet. Fylkesrådmannen viser til politiske vedtaka i denne saka.